

Invitasjon til
Hjort 2011:
**Korleis engasjere jegeren og
grunneigaren meir i forvaltninga?**
Florø 31. august – 1. september

Påmelding:
www.svanoybutikken.no
innen 15. august 2011.
Sjå www.hjortesenteret.no
for detaljert program.

Kan vi få ei endå betre forvaltning av hjorten om vi knyter tettare band mellom forskarane og forvaltninga på den eine sida, og grunneigarar og jegerar på den andre? Og på kva måtar påverkar den veksande hjortestamma samfunnet rundt seg? Dette og fleire andre spørsmål stor på dagsorden når Norsk Hjortesenter og samarbeidspartnarane inviterer til seminaret Hjort 2011 i Florø 31. august – 1. september.

Årets hjorteseminar er det 12. i rekkja, og samlar både norske og utanlandske føredragshaldarar to hektiske sein-sommardagar i Florø.

Har vi den gode dialogen mellom aktørane som skal til for å forvalte ei historisk høg hjortestamme på optimalt vis? Har planar og strategiar for forvaltning vist seg gode nok, etter to tøffe vintrar der ein mange stader har opplevd hjortedød langt utover det vanlege? Kva følgjer vil det få for hjorten, jegerar og andre brukargrupper av naturen dersom hjortejakta skal starte endå tidlegare frå hausten 2012?

Korleis unngår vi at ein veksande hjortebestand blir stempla som problem- og skadedyr, når den i realiteten er ein ressurs vi burde vere stolte av og utnytte som merkevarebyggjar? Finst det suksesshistoriar vi kan lære av?

Er ein høg hjortebestand årsaka til eit stadig aukande flåttproblem – eller er hjorten i staden ein positiv faktor for å unngå borreliose hos menneske? Og kva tankar gjer legestanden seg om utviklinga rundt flåttborne sjukdomar?

Desse, og mange andre spørsmål vil bli både besvart og debattert i Flora samfunnshus 31. august og 1. september. I tillegg til føredrag frå scena, blir det fagleg myldretorg i fleire økter ute i foajeen på samfunnshuset, der ei rekkje lag og organisasjonar vil presentere arbeidet sitt og nyhende innan fag- og interessefelt sine.

Hjort 2011 tjuvstartar alt 30. august, med ein "kom saman"-kveld i to delar. Norsk Hjortesenter har i samarbeid med Flora Jeger og Fiskerforening henta inn "villmann", hjortejeger og jaktfilmprodusent Kristoffer Clausen til å halde filmshow og føredrag i Flora samfunnshus kl. 19. Arrangementet er ope for alle interesserte, det same er det påfølgjande "hjortevorspielet" på utestaden Hagen i Strandgata, der det står hjortepizza og hjorteøl frå Kinn Bryggerier på menyen.

Gå inn på www.svanoybutikken.no der finn du informasjonen du treng for elektronisk påmelding.

Velkomen til Florø 31. august, og til landets største og eldste hjorteseminar!

Kvelden tysdag 30. august: Hjorteførespel.

Nordens fremste jaktfilmprodusent, villmann og jeger, Kristoffer Clausen, held filmshow og føredrag i Florø samfunnshus kl. 19. Open for alle. (Adgang vaksne 150,- og born 75,-)

Klokka 21: Hjortepub på utestaden Hagen i Strandgata.

31. august – 1. september: Hovudarrangement Hjort 2011.

Oppstart k. 09.00. Topp føredragshaldarar, aktuelle problemstillingar, kalendarium-utstilling. Begge dagar: Fagleg myldretorg og rom for fagprat i pausane.

31. august: Festmiddag

Svanøy, avreise frå Florø kl. 19.

2. september: Etterspel

Kommunesamling for alle viltforvaltarar i Sogn og Fjordane, i regi av Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Pris:

Full pris med enkeltrom i hotell i Florø: kr. 3950,-

Full pris med dobbeltrom hotell i Florø kr. 3750,-

Dagpakke utan overnatting begge dagar kr. 2950,-

Dagpakke dag 1: kr. 1950,-, dag 2 kr. 1750,-

Festmiddag: kr. 975,-

Studentrabatt: Gratis deltaking, du betaler berre for mat og overnatting.

Påmelding: Elektronisk påmelding og informasjon på www.svanoybutikken.no.




Direktoratet for
naturforvaltning



LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENTET


Korleis engasjere jegeren og grunneigaren meir i forvaltninga?

Landets største og eldste hjorteseminar
for naturforvaltarar, næringsutviklarar,
matprodusentar og alle hjorteinteresserte!



Hjort 2011:

Florø 31. august – 1. september



Program Hjort 2011

Tysdag 30. august:

- Kl. 19.00: **Kristoffer Clausen i Flora samfunnshus.**
Arr: Norsk Hjortesenter og Flora Jeger og Fiskerforening:
Billettprisar: Vaksne kr. 150, born under 12 år kr. 75,-
- Kl. 21.00: **Hjortepub på Hagen. Hjortetapas og hjorteøl frå Kinn Bryggerier.**

Onsdag 31. august, Flora samfunnshus:

- 09.00 – 10.00: **Registrering, fagleg myldretorg**
- 10.00 – 10.15: **SNH ønskjer velkomen**
- 10.15 – 11.00: **DAGSTEMA: HJORTEN OG LOKALSAMFUNNET**
Mike Cottam, Scottish Natural Heritage Scottish Government and Agency influence.
How to make rural communities proud of the deer population, and turn focus from the deer as a problem to an asset.
- 11.00 – 11.20: **Den lokale viltforvaltaren si rolle – har vi noko å lære av skottane?**
Tankar frå to lokale viltforvaltarar. Spørsmålsrunde.
- 11.20 – 11.30: **Kaffe og fruktpause.**
- 11.30 – 13.00 **BESTAND OG AVSKYTING:**

- Erling Meisingset: Resultat frå hjortemerkprosjektet i Surnadal

- V. Veiberg: "Ulike avskytingsregime - ulike resultat og konsekvensar"
- 13.00 – 14.00: **Lunsj. Presentasjon av konkurransen om beste oppskrift**
- 14.00 – 14.30: **Kjell Huseby: Gløymer vi jegerrekrutteringa?**
- 14.30 – 15.00 **Arve Aarhus: Vinterforing og panikkforvaltning**
- 15.00 – 15.30 **Kaffe og noe å bite i**
- 15.30- 17.00 **NATTJAKT**
Intro med film frå Balestrand.
NJFF-bidrag.
DN avsluttar.



17.00-30	Spørsmålsrunde/oppsummering/diskusjon
17.30 – 18.00	Fagleg myldretorg
19.00	Avreise fra Fugleskjærskai til Svanøy. Festmiddag og underholdning!

Torsdag 1. september

08.30 – 09.00:	Fagleg myldretorg
09.00 – 09.10	Intro med barneintervju.
	DAGSTEMA: HJORTEN – PÅ HELSA LAUS?
09.10 – 10.00	Deer and Ticks – Dr. Rory Putman
10.00 – 11.00	Korleis leve med flåtten? – Jan Helge Dale, kommunelege 1 i Flora
11.00 – 11.20	Spørsmålsrunde
11.20 – 11.45	Kaffi, beinstrekk, fagleg myldretorg
11.45 – 12.15	Jakttidsrammer og kalveskyting - Erik Lund, DN
12.15 – 12.45	Feltkontrollørordninga og vegen vidare (Johan Trygve Solheim)
13.00	Lunsj, avslutning og avreise

Samling for kommunale viltforvaltere i Sogn og Fjordane:

14:00 – 14: 50	Innleiing om forskrifter på høyring (Forskrift om utøving av jakt, forskrift om forvaltning av hjortevilt og jaktidsforskrift) v/ DN og fylkeskommunen
14:50 – 15:00	Pause
15:00 – 15:45	“Runde rundt bordet” om kommunane si handtering av høyringane
15:45 – 16:00	Oppsummering/avrunding



FAGLEG MYLDRETORG

Fagleg myldretorg er ein viktig ingrediens i årets program, som i fjor. Dette er nokre av dei som informerer:

MATTILSYNET – den nye feltkontrollørordninga

SCOTTISH NATURAL HERITAGE: Presentasjon av "Best Practice-prosjektet"

NJFF Sogn og Fjordane

NJFF Sentralt – Status for nytt kurssenter, Flå.

BIOFORSK

NINA NATURDATA

KOMPETANSENAVET VEST

Hjort 2011:

Florø 31. august – 1. september

